

Budsjett 2021

Kirurgisk klinikk
Helse Førde HF

Innhold

1	Samandrag	3
2	Status og omstilling	4
3	Økonomi	7
4	Aktivitet.....	10
5	Bemanning	11
6	Budsjettprosess.....	12
7	Overordna ROS analyse budsjett 2021	13

1 Samandrag

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for kirurgisk klinikk i 2020, samt eit innsparingskrav på 6,3 millionar kroner grunna auka investeringsbehov og felleskostnader i Helse Førde, har ein komme fram til følgjande budsjetttramme for 2021:

Budsjetttramme 2021 Kirurgisk klinikk	
Budsjetttramme 2020	- 441 236
Prisendringar	1 344
Realendring	- 4 800
Overføring sekretær frå Foretakssekretariatet	- 620
Overføring til medisinsk klinikk - oppgåvegledning ortopedi	100
Overføring av lisenskostnader frå AMK til IT-avdelinga	5 975
Overføring av ansvar for vedlikehald frå ØNH til MTA	50
Krav til innsparing	6 252
Sum nettokostnad - ramme 2021	- 432 934

Aktiviteten til klinikken har i stor grad vore prega av koronapandemien i 2020, og det er uvisst korleis aktiviteten kjem til å bli påverka i 2021. Dette har gjort budsjetteringa særskild utfordrande.

Klinikken har fått ei føring om å budsjettere for eit normalår, noko som inneber at det ikkje skal budsjetterast for bortfall av inntekter eller meirkostnader som følgje av korona. På grunn av den store uvisse rundt aktiviteten til neste år, har klinikken valt å halde budsjettet for pasientrelatert inntekt og varekost uendra. Tiltaka knytt til innsparinga på 6,3 mill. er difor innanfor løn- og personalkostnader.

2 Status og omstilling

Kirurgisk klinikk består av følgjande einingar:

- Augeavdelinga
- Avdeling for akuttmedisin
- Kirurgisk avdeling
- Kirurgisk serviceseksjon
- Kvinneklubben
- Ortopedisk avdeling
- Øyre-Nase-Hals-Kjeve avdeling

Kirurgisk klinikk og Helse Førde har i stor grad vore prega av koronapandemien i 2020. Under stenginga av samfunnet i vår avlyste klinikken all elektiv verksemd, og retta fokus på å ruste sjukehusa for dei mest alvorlege scenarioa. Førebuingane innebar mellom anna å sikre kapasitet til intensiv og overvaking, som har ansvaret for dei sjukaste pasientane med Covid-19. Vidare har klinikken i stor grad bidrege med personell frå poliklinikkar og sengepostar til drifta av ein kohort for pasientar som ikkje er avklara for eventuell smitte.

Då samfunnet gradvis opna i mai byrja klinikken å kalle inn pasientar på nytt. Det har gått med mykje ressursar til å lage nye avtalar med pasientar og det innført fleire større tiltak innanfor smittevern. Mellom anna skal alle pasientar svare på kontrollspørsmål relatert til Covid-19 før oppmøte på sjukehusa. Gjennom ein stor innsats for å redusere ventetidene og hindre fristbrot har aktiviteten gradvis auka mot eit tilnærma normalt nivå i haust.

Det er uklart korleis koronapandemien kjem til å påverke kirurgisk klinikk framover. Sjølv om smittetala har vore relativt låge i Helse Førde sitt område har dei vore noko aukande den seinare tid. Klinikken har fleire små fagmiljø, og kan bli hardt råka dersom tilsette blir smitta og/eller må i karantene. Om intensiv og overvaking må handtere pasientar med koronasmitte vil det redusere kapasiteten til operasjon vesentleg.

På grunn av uvissa i samband med korona har kirurgisk klinikk budsjettert i forhold til eit normalår, noko som i hovudsak inneber ei vidareføring av 2020 budsjettet. Budsjettet er difor ikkje justert for tap av pasientrelaterte inntekter eller ekstrakostnader som følgje av korona.

Sjølv om det er noko utfordrande å planlegge 2021, er det ein del område som klinikken må arbeide med framover, som til dømes medisinsk utvikling og nye lokale i samband med Nye Førde sjukehus.

Dei siste åra har nye behandlingsmetodar gjort at inngrep som før kravde innlegging i dag vert utført som dagkirurgi. Når det er behov for innlegging treng pasientane i somme tilfelle kortare opphald enn tidlegare. På den andre sida syner framskrivingar at det blir stadig fleire eldre i området til Helse Førde. Dette kan medføre at innlagde pasientar får behov for ein høgare pleieinnsats og meir samansette sjukdomsbilete. Innanfor poliklinisk behandling vil klinikken auke bruken av telefon- og videokonsultasjonar, noko som både er tids- og kostnadssparande.

I Nye Førde sjukehus vil fleire einingar få nye lokale og settast i saman med andre einingar enn tidlegare. Arbeidet med å tilpasse både areal og organisasjon vil halde fram heilt til innflytting. Det er venta at Livabygget er klar for innflytting allereie i 2023, og dette inneber nye areal for intensiv og overvaking, sengepostar, operasjon, sterilsentral og spesialiserte poliklinikkrom.

Administrasjon

Operasjonskoordinator vert flytta til staben for å kunne ha ei meir sentral rolle i klinikken, noko som kan bidra til ei meir optimal nytting av operasjonskapasiteten. Vidare blir staben styrka ved at ei stilling blir overført i samband med avviklinga av føretakssekretariatet. Klinikken vil tilsetje ytterlegare

kodekontrollar og lyse ut vikariatet for tidligare tilsett kontrollar i 2021. Dette er for å sikre at pasientbehandlinga blir godt dokumentert og at Helse Førde får riktige ISF-inntekter.

I haust har kirurgisk klinikk fått tildelt ein hovudkontakt for ressursplanlegging i Gat, som no deltek i fleire ulike fora i klinikken. Dette kan gi gevinstar i høve til budsjettprosessen og gjennom at problemstillingar innanfor bemanning i større grad blir løfta fram gjennom året.

Augeavdelinga

Avdelinga har hatt ein aukande aktivitet i takt med ei aldrande befolkning i området til Helse Førde. For å handtere dette har avdelinga til ei kvar tid fokus på betre bruk av personale, rom og utstyr.

Det er vurdert slik at avdelinga kan redusere kjøp av utvida arbeidstid for legegruppa i inngangen til 2021 og effekten av dette er lagt inn i budsjettet.

Avdeling for akuttmedisin

I slutten av 2019 vart det innført eit nytt system mogleggjer ei meir detaljert planlegging på kvar enkelt operasjonsdag fram i tid. Dette har vore særskilt viktig i 2020 sidan operasjonskapasiteten har vore sterkt redusert grunna tiltak i samband med korona. Når pandemien er over er det venta at dette systemet skal bidra til å auke aktiviteten.

Klinikken har over tid arbeida for å flytte inngrep frå operasjon til poliklinikk, noko som har blitt særskilt aktuelt grunna den reduserte operasjonskapasiteten i 2020. Dette gjev ein vesentleg lågare ressursbruk for dei aktuelle prosedyrane og frigjer kapasitet til større inngrep. Vidare vil pasientane truleg oppleve behandlinga som mindre belastande dersom dei møter i poliklinikk i staden for å gå igjennom alle prosedyrane på operasjonsavdelinga.

Avdelinga har eit særskilt stort behov for å rekruttere spesialsjukepleiarar grunna generasjonsskifte i åra framover innanfor intensiv og operasjon. Avdelinga har difor hatt fleire utdanningsstillingar på desse områda som blir vidareført i budsjettet for 2021.

Budsjettet for 2021 er justert for ei avvikling av kombinasjonsstillingar mellom anestesi og intensiv, og at det ikkje vart tilsett i ei av utdanningsstillingane hausten 2020. Elles er tiltaka fordelt på ulike seksjonar og består i stor grad av heil- og delårseffektar ved at det ikkje blir henta inn vikar ved fråvær.

Eit usikkerheitsmoment i budsjettet for 2021 er innføringa av prehospital plan der somme tiltak framleis er under utgreiing eller ventar på styrevedtak. I sum skal alle tiltaka halde drifta til ambulansetenesta innanfor dagens budsjetttrammer. At alle tiltaka ikkje er sikre og at dei blir gjennomførte på ulike tidspunkt gjer budsjetteringa utfordrande.

Klinikken har hatt utfordringar med rekrutteringa innanfor fleire område. Operasjon og intensiv/overvaking har eit særskilt behov for å rekruttere nye spesialsjukepleiarar sidan mange der er byrja å nærme seg pensjonsalder. Klinikken har difor starta opp fleire utdanningsstillingar.

Kirurgisk avdeling

Avdelinga har fått ei meir stabil bemanning på legesida gjennom tilsettinga av ein gastrokirurg og ein urolog i 2020. Dette vil redusere kostnader knytt til innleige frå vikarbyrå, overtid og meirarbeid. Vidare vil ein auka kapasitet kunne redusere talet pasientar som må sendast vidare til Bergen eller andre føretak. Særskilt innanfor urologi har det vore viktig å korte ned ventetidene.

Elles har det vore viktig å styrke bemanninga for å sikre akuttberedskapen i Helse Førde, men også for å avlaste avdelingssjef og andre legar som over tid har hatt ein for stor arbeidsbelastning.

På pleiesida blir bemanninga kontinuerleg vurdert ut frå aktiviteten, og det blir arbeida for å halde lønskostnadane så låge som mogleg. I 2020 er det tilsett beredskapssjukepleiarar for å dekke

korttidsfråvær på tvers av kirurgisk sengepost og ortopedisk sengepost. Tiltaket er venta å redusere overtidskostnader og frigjere tid som leiarane må bruke på å handtere fråvær. Beredskapssjukepleiarane er under opplæring fram til nyttår, så vi vil truleg først sjå effekten av tiltaket i 2021. Elles er det budsjettet for 2021 lagt inn tiltak på å redusere dei dyraste timane som er innleie frå vikarbyrå.

Kirurgisk serviceseksjon

Det er i 2020 innført ein del regionale løysingar gjennom programmet Alle Møter som kan redusere behovet for bemanning noko, som til dømes automatar for innsjekking og betaling. Samstundes har somme løysingar auka arbeidsmengda gjennom at pasientane får meir informasjon og betre oppfølging enn tidlegare. Elles er det generelt eit aukande krav til dokumentasjon i samband med behandlinga.

Budsjettet til seksjonen for 2021 er uendra sidan eventuelt frigjort kapasitet, skal nyttast til å frigjere tid til pasientretta arbeid for behandlarar. Vidare har koronapandemien ført mykje ekstraoppgåver for sekretærenesta og eininga har i haust tilsett i rundt fire ekstra stillingar på grunn av dette. Mellom anna skal alle pasientar svare ut koronarelaterte spørsmål før oppmøte på sjukehuset.

Kvinneklinikken

Kvinneklinikken har i 2020 fått tilbake 4 spesialistar utdanna i egne rekker, noko som har vore viktig sidan bemanninga har vore på eit kritisk lågt nivå. Korona har hatt stor innverknad på eininga både med tanke på personell og pasientbehandling, slik at det har vore vanskeleg å sjå effektane av dette i år.

Den seinare tid har det vore utfordringar med å rekruttere jordmødre til God Start-eininga på Eid, noko som har ført til høg arbeidsbelastning på dei tilsette. Vidare har eininga vore avhengig av personell som pendlar frå andre land for å oppretthalde drifta. Det vil difor bli sett på moglegheiter i samarbeidet om personell både med kommunane i området og avdelinga i Førde.

I budsjettet for 2021 er det lagt inn at eininga skal forsøke å halde ei barnepleiarstilling vakant i Førde, samt effekten av meir samarbeid og fleire fast tilsette framfor vikarar ved God Start-eininga på Eid.

Ortopedisk avdeling

Avdelinga har fått fleire fast tilsette legar framfor vikarar, noko som har gitt ei meir stabil og føreseieleg bemanning. Dette kan og sjå ut å ha ein positiv effekt både på lønskostnader og aktivitet. Gjennom hospitering og nyttilsettingar er og tenestetilbodet utvida, som til dømes innanfor fot- og skulderkirurgi.

I likskap med kirurgisk avdeling har avdelinga tilsett beredskapssjukepleiarar for å dekke korttidsfråvær på tvers av kirurgisk sengepost og ortopedisk sengepost. Tiltaket er som nemnt venta å redusere overtidskostnader og frigjere tid som leiarane må bruke på å handtere fråvær.

I budsjettet for 2021 er det lagt inn ei effektivisering i samband med overflyttinga av oppvakning frå anestesi til ortopedisk sengepost i Lærdal. Elles er det lagt inn ei vakant stilling på ortopedisk sengepost i Førde og noko redusert variabel løn på legesida som følgje bruken av fleire fast tilsette framfor vikarar.

ØNH-Kjeveavdeling

Avdelinga har til ei kvar tid fokus på å optimalisere drifta grunna eit aukande tal pasientar. Dette skal mellom anna oppnåast gjennom oppgåveglidning, som til dømes å overføre administrative oppgåver frå audiografar til sekretærar. Budsjettet for 2021 er justert for effekten av ein reduksjon i 20 prosent overlegestilling, og at ein LIS-lege blir tilsett når ein av overlegane sluttar.

3 Økonomi

Føresetnader i budsjett 2021:

Prisendring	
Lønsvekst 2021	- 2 180
Prisvekst kostnader 2021	- 3 589
Prisjustering ISF 2021	5 798
Prisendring andre inntekter 2021	1 315
Sum prisendringer	1 344

Ramme 2021:

Budsjetttramme 2021 Kirurgisk klinikk	
Budsjetttramme 2020	- 441 236
Prisendringer	1 344
Realendring - overgrepsmottak	- 500
Realendring - innføring av trombolysebehandling i amb.	- 200
Realendring - auka husleige	- 100
Realendring - auka lisenskostnader AMK	- 1 000
Realendring - prehospita plan	- 3 000
Overføring sekretær frå Foretakssekretariatet	- 620
Overføring til medisinsk klinikk - oppgåveglidning ortopedi	100
Overføring av lisenskostnader frå AMK til IT-avdelinga	5 975
Overføring av ansvar for vedlikehald frå ØNH til MTA	50
Krav til innsparing	6 252
Sum nettokostnad - ramme 2021	- 432 934

Budsjett 2021:

Kirurgisk klinikk	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021 (2020 - kr.)	Budsjett 2021	Budsjettendring B21 - B20	Prisendring B21-B20	Endring %
Basisramme	13 033	13 033	13 033	13 033			0,0 %
ISF egne pasienter	267 961	291 353	291 353	297 151		5 798	2,0 %
Gjestepasientinntekter	15 911	12 263	12 263	12 507		244	2,0 %
Polikliniske inntekter - Helfo ref. lab.	4 215	5 329	5 329	5 468		139	2,6 %
Utskrivingsklare pasienter	249	308	308	315		8	2,6 %
Andre øremerkede tilskudd	518	3 794	943	968	- 2 850	25	-74,5 %
Andre driftsinntekter	35 614	32 558	35 815	36 715	3 256	900	12,8 %
Driftsinntekter	337 502	358 638	359 044	366 157	406	7 113	
Kjøp av offentlege helsetenester	- 8 706	- 9 979	- 5 213	- 5 350	4 766	- 136	-46,4 %
Kjøp av private helsetenester	- 9 138	- 12 638	- 17 707	- 18 344	- 5 068	- 637	45,1 %
Varekost	- 54 422	- 53 822	- 54 043	- 55 989	- 222	- 1 946	4,0 %
Innleidd arbeidskraft	- 2 107	- 907	- 272	- 282	635	- 10	-68,9 %
Lønn til fast ansatte	- 469 633	- 494 741	- 486 958	- 489 392	7 784	- 2 435	-1,1 %
Overtid og ekstrahjelp	- 56 935	- 42 115	- 52 019	- 52 279	- 9 904	- 260	24,1 %
Pensjonskostnad	- 73 983	- 78 838	- 77 991	- 77 991	847		-1,1 %
Off tilskot og refusjonar	21 589	21 206	24 549	24 672	3 343	123	16,3 %
Anna lønn	- 73 982	- 73 546	- 73 846	- 74 304	- 300	- 459	1,0 %
Andre driftskostnader	- 27 914	- 54 494	- 48 963	- 49 832	5 531	- 869	-8,6 %
Driftskostnader	- 755 233	- 799 874	- 792 461	- 799 091	7 413	- 6 630	-0,1 %
Sum	- 417 731	- 441 236	- 433 417	- 432 934	7 819	483	-1,9 %

Inntekter 2021:

Driftsinntekter	B20	B21	B21-B20
Budsjett	358 638	366 157	7 519
Kostnadsdeling ambulansbåt med kommunar			575
Andre endringer			- 169
Prisendring			7 113
Sum endring			7 519

Kjøp av helsetenester 2021:

Kjøp av helsetenester	B20	B21	B21-B20
Budsjett	- 22 618	- 23 694	- 1 076
Kostnadsauke overgrepsmottak			- 500
Andre endringer			198
Prisendring			- 774
Sum endring			- 1 076

Varekostnad 2021:

Varekostnad	B20	B21	B21-B20
Budsjett	- 53 822	- 55 989	- 2 167
Innføring av trombololysebehandling i ambulansane			- 200
Andre endringer			- 21
Prisendring			- 1 946
Sum endring			- 2 167

Personalkostnad 2021:

Personalkostnad	B20	B21	B21-B20
Budsjett	- 668 940	- 669 576	- 635
Tiltak lagt inn i budsjett			6 252
Overføring av stilling frå føretakssekretariatet			- 620
Flytting av budsjett frå båtambulans til ambulansestasjonar			- 1 046
Stillingsauke prehospital plan			- 3 000
Andre endringer			820
Prisendring			- 3 041
Sum endring			- 635

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader	B20	B21	B21-B20
Budsjett	- 54 494	- 49 832	4 662
Overføring av lisenskostnader frå AMK til IT-avdelinga			5 975
Auka kostnader lisenskostnader AMK			- 1 000
Reduksjon budsjett for pasientskadeerstatning			417
Andre endringer			139
Prisendring			- 869
Sum endring			4 662

Tiltak 2021

Tiltak budsjett 2021	
Augeavdelinga: Redusert utvida arbeidstid for legar	303
AAM Legar: Reduksjon i variable tillegg og overtid	500
AAM Anestesi: Delårseffekt av reduserte leiarkostnader 2021	250
AAM Intensiv: Avvikling av kombistillingar med anestesi	300
AAM Operasjon: Vakant utdanningsstilling og permisjon utan vikar	765
AAM Sterilsentral: Vakant stilling	276
AAM Lærdal: Reduksjon i innleige frå bemanningsbyrå	161
Kirurgisk avdeling poliklinikk: Reduksjon i innleige frå bemanningsbyrå	271
Kirurgisk avdeling sengepost: Reduksjon i innleige frå bemanningsbyrå	207
Kirurgisk avdeling legar: Reduksjon i variable tillegg og overtid	379
Kvinneklubben sengepost Førde: Vakant stilling	593
Kvinneklubben God start Eid: Auka samarbeid med Førde og fleire faste tilsette	339
Ortopedisk avdeling Lærdal: Effektivisering i samband med overføring av oppvaking frå AAM	550
Ortopedisk avdeling legar: Fast tilsette framfor bruk av vikarar	533
Ortopedisk avdeling sengepost Førde: Vakant stilling	500
Øyre-Nase-Hals-Kjeve: Ein LIS-lege istaden for overlege i 2021 og reduksjon i 20% stilling	325
Sum tiltak	6 252

4 Aktivitet

På grunn av den store usikkerheten i samband med koronapandemien har kirurgisk klinikk valgt å videreføre aktivitetsbudsjettet frå 2020 til 2021.

Aktivitet KIRURGISK KLINIKK	Oppnådd	Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
	2018	2019	2020	2020	2021	Plan 21-20
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	12 504	12 010	12 721	11 187	12 721	-
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar)	329	385	335	352	335	-
DRG-poeng konvensjon/sjølvp betalende	104	113	108	36	108	-
SUM DRG poeng produsert i HF	12937	12508	13163	11576	13163	
Tal dagkirurgi/dagbehandling	5 039	4 770	4 925	4 477	4 925	-
Tal heildøgnsopphald	8 653	8 302	8 676	7 759	8 676	-
Tal polikliniske konsultasjonar	71 190	74 579	76 480	67 029	76 480	-

Dagkirurgi/dagbehandling	Oppnådd	Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
	2018	2019	2020	2020	2021	Plan 21-20
Augeavdeling	1588	1 288	1 525	1 265	1 525	-
Avdeling for akuttmedisin	-	-	-	-	-	-
Kirurgisk avdeling	1025	933	1 050	946	1 050	-
Kvinneklinikken	818	864	850	862	850	-
Ortopedisk avdeling	1119	1 086	895	997	895	-
ØNH-Kjeve	489	596	605	406	605	-
Sum	5039	4767	4925	4477	4925	

Heildøgnsopphald	Oppnådd	Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
	2018	2019	2020	2020	2021	Plan 21-20
Augeavdeling	38	54	50	35	50	-
Avdeling for akuttmedisin	-	-	-	-	-	-
Kirurgisk avdeling	2 169	2 055	2 145	2 063	2 145	-
Kvinneklinikken	2 889	2 848	3 056	2 772	3 056	-
Ortopedisk avdeling	3 143	2 997	3 050	2 602	3 050	-
ØNH-Kjeve	414	348	375	287	375	-
Sum	8 653	8 302	8 676	7 759	8 676	

Polikliniske konsultasjonar	Oppnådd	Oppnådd	Plan	Prognose	Plan	Endring
	2018	2019	2020	2020	2021	Plan 21-20
Augeavdeling	10522	9 393	10 600	8 531	10 600	-
Avdeling for akuttmedisin	4175	4 187	4 080	3 538	4 080	-
Kirurgisk avdeling	9445	10 352	12 400	10 119	12 400	-
Kvinneklinikken	8964	8 987	8 100	8 426	8 100	-
Ortopedisk avdeling	20182	22 952	23 000	20 818	23 000	-
ØNH-Kjeve	17902	18 708	18 300	15 598	18 300	-
Sum	71 190	74 579	76 480	67 029	76 480	

5 Bemanning


Årsverk

Tabell under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i kirurgisk klinikk. Endring er i høve oktober 2020.

Netto månadsverk	Snitt 2019	Okt 2020 (A)	Budsjett 2021 (B)	Endring B-A	Merknad
Administrasjon	2,8	2,4	3,4	1,0	Overføring av stilling frå Føretaksektariatet
Augeavdelinga	19,5	20,3	20,1	-0,2	Reduksjon i utvida arbeidstid for legar.
Avdeling for akuttmedisin	375,4	392,0	390,2	-1,8	Reduksjon 100% utdanningstilling i 2021 og avvikling av kombistillingar.
Kirurgisk avdeling	72,0	75,1	75,1		
Kvinneklubben	68,7	76,1	75,1	-1,0	Vakant stilling på sengepost i Førde
Ortopedisk avdeling	110,1	110,8	109,8	-1,0	Vakant stilling på sengepost i Førde.
Serviceseksjonen	25,4	25,6	25,6		
ØNH-Kjeve	27,1	27,4	27,2	-0,2	Reduksjon i 20% legestilling.
Sum kirurgisk klinikk	701,0	729,5	726,4	-3,2	

Sjukefråver

Koronapandemien har i stor grad påverka det kortsiktige fråværet i 2020. Under den første smittebølga i mars var det ein del fråværet knytt til korona. Utover våren og sommaren har alle tiltaka i samfunnet redusert førekomsten av smittsame sjukdommar og tilhøyrande sjukefråver, men effekten av dette ser ut til å ha endra seg noko utover hausten. Det er per tid vanskeleg å seie noko om korleis korona påverka langtidssjukefråveret.



6 Budsjettprosess

Prosess vedr. budsjett 2021		
Møtedato	Deltakarar	Tema
14. august	Klinikkdirektør	Innspel realendringar budsjett 2021
3. september	Leiargruppa i kirurgisk klinikk	Samling for å diskutere budsjett 2021
4. september	Økonomiavdelinga sendte ut rammene for 2021	
7. september	Informasjonsmøte med tillitsvalde og verneombod	Informasjonsmøte om budsjett 2021
1. oktober	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 2 - 2020
22. oktober	Informasjonsmøte med tillitsvalde og verneombod	Informasjonsmøte om budsjett 2021
5. november	Klinikken sitt arbeidsmiljøutval	Behandling budsjett 2021
9. november	Drøftingsmøte med tillitsvalde og verneombod	Drøftingsmøte om budsjett 2021

7 Overordna ROS analyse budsjett 2021

Risikomatrise						
Konsekvens (1-5)						
Sannsynleg (1-5)		1. Ubetydeleg (ikkje alvorleg)	2. Liten (mindre alvorleg)	3. Moderat	4. Alvorleg	5. Svært alvorleg/kritisk
	5. Svært stor			1,3		
	4. Stor					
	3. Moderat			2	4	
	2. Liten					
	1. Svært liten					

Nr	Område	Hending	San 1-5	Kon 1-5	Risiko San x Kon	Tiltak	Ansvar
1	Pasientinntekter	Covid-19 redusera kapasiteteten	5	3	15	I størst mogleg grad finne dei økonomiske effektane av Covid-19, for å sikre at Helse Førde får riktig del av støtta frå regjeringa til Helse Vest.	Leiarar på alle nivå og kontrollar
2	Pasientinntekter og personal-kostnader	Covid-19 og anna krev mykje merksemd å handtere slik at det hindrar effektiviserings-tiltak	3	3	9	Oppfølging av planlagde endringar.	Klinikkdirektør og kontrollar
3	Personalkostnad	Tiltak i samband med Covid-19 krev bemanning utover budsjett.	5	3	15	I størst mogleg grad finne dei økonomiske effektane av Covid-19, for å sikre at Helse Førde får riktig del av støtta frå regjeringa til Helse Vest.	Leiarar på alle nivå og kontrollar
4	Personalkostnad	Mangel på kritisk personell gjev høge kostnader til meirarbeid og overtid.	3	4	12	Rekruttering og utdanning.	Leiarar på alle nivå